




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ulstein vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	4
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	5
3. Læringsmiljø	7
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	9
4. Skoleårsresultat	10
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	13
4.5 Overgangar	13
5. Leiing og profesjonsutvikling	14

1. Rektor har ordet

Ulstein vidaregåande skule hadde skuleåret 2024–2025 567 elevar på 5 utdanningsprogram. I tillegg til dei ordinære klassene hadde skulen ei språkklassse og ei klasse for grunnleggjande norsk. Språkklassa er eit tilbod som ligg mellom grunnskule og vidaregåande opplæring, der målet er å lære meir norsk, men også kunne forbetre karakterane frå grunnskulen. Grunnleggjande norsk er norskopplæring for dei som har kome til fylket etter 1.januar. I tillegg til ordinær vidaregåande opplæring hadde skulen eit ressurscenter som i hovudsak tilbyr undervisning i fellesfaga som dannar grunnlaget for studiekompetanse. Ressurssenteret ved skulen vart avslutta per 31.07.25, etter fleire tiår med drift.

Eksamensperioden dette skuleåret var flytta fram, som eit forsøk på å dempe russefeiringa/avgangsmarkeringa. Vg3-elevane hadde 5 aktuelle eksamensdagar før 17.mai. Munnleg perioden gjekk som normalt, men skulane var samla i 2 grupper, med faste dagar for eksamen.

Ulstein vgs har også dette året hatt eit nært samarbeid med lokalt næringsliv, særleg innan yrkesfaga. Skulen har elles jobba aktivt for å auke talet på elevar innan sal, service og reiseliv som går ut i lære gjennom å etablere nye samarbeid i næringslivet. Elevane lever i eit globalisert samfunn og skulen har tidlegare satsa på deltaking i internasjonale program, ekskursjonar i samband med språkopplæringa og studieturar. Desse reisene vert no gjort i regi av Erasmus+. Skulen er eige konsortium både innan yrkesfag og innan studieførebuande. 8 elevar var i arbeidspraksis våren 25 på Gran Canaria innan reiseliv. Dei hadde 10 arbeidsdagar på hotell, restaurant/kafé eller eigedomsmekling. Dei fekk god fagleg praksis i tillegg til å lære mykje om arbeidslivskulturen i Spania. Vi jobbar også med å knyte kontaktar med ein skule i Italia, der vi har skrive intensjonsavtale om gjensidig elevbesøk på våren 2026. Dette gjeld elevar innan Informasjonsteknologi og medieproduksjon. For dei studieførebuande utdanningsprogramma har skulen delteke i Erasmus + prosjekt saman med skular frå Nederland, Spania og Kroatia. Siktemålet med prosjekta har vore å bygge mellommenneskelege relasjonar på tvers av landegrenser, der kultur og språklæring har hatt særskilt fokus. Elevar og lærar gir tilbakemelding om stort læringsutbytte.

Ulstein vgs jobbar for at kvar elev skal få moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring, bli kvalifisert for arbeidsliv og utdanning og vere førebudd til å meistre liva sine. For elevar med særskilde utfordringar jobbar vi saman med grunnskulane i området for å skape gode overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande, slik at elevar og foreldre blir mest mogleg budde på skulestart og skulekvardagen hos

oss. Vi har også ein tanke om at det er viktig for eleven å møte på skulen i nokre fag, sjølv om hen ikkje maktar å delta i alle faga. Vi meiner det er viktig for eleven å ha noko kontakt med skulen, framfor ingen

Elevane våre trivest godt, både saman med medelevar og lærarar. Dei er bra motiverte og det er eit godt utgangspunkt for læring. Gjennom forventningar til elevane og god oppfølging, både fagleg og sosialt, presterer elevane våre greitt. Skuleåret 24-25 hadde skulen ein fullført og bestått-prosent på 89,1%, som er omtrentleg det same som skuleåret 23-24: 89,8% og skuleåret 22-23: 90,7% Målet er 90%.

Ulstein vidaregåande skule har ei samansett elevteneste med både rådgjevarar, PPT og helsesjukepleiarar som gjer at elevane oppfattar at det er eit trygt miljø på skulen. PPT har fast trefftid på skulen ein dag per veke. Siste åra har skulen hatt full helsesjukepleiardekning og vel så det, med både kvinneleg og mannleg helsesjukepleiar. I tillegg hadde vi 50% prosjektstilling innan psykisk helse i skulen, også i kommunal regi. Det har vore gull verdt og all ære til vertskommunen Ulstein kommune som vel å prioritere dette feltet. Kommunepsykologen jobbar også førebyggjande og i tett samarbeid med både PPT og skulehelsetenesta. Med dei oppnådde resultatata ligg skulen OK ann i høve målsettingane og forventningane som er sett i Oppdragsavtalen.


Også dette skuleåret har skulen vore prega av svært dårleg økonomi.

Margaret Alme
rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	53,84
Tal på årsverk i leiarstillingar	5,00
Tal på årsverk andre tilsette	14,88



Skulen si leing bestod skuleåret 2024-2025 av rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar. 3 i leiinga er kvinner, 2 er menn.

Skulen har 4 tilsette innan merkantilt, 11 fagarbeidarar/assistentar, 3 innan drift (kantine og bibliotek) og 69 pedagogisk tilsette. Kjønnssfordelinga var 57 kvinner og 35 menn.

I tillegg kjem IT med 2, inkludert 1 lærling, og teknisk drift med 2, men desse er tilsette sentralt i fylkeskommunen. Alle menn. Skulen har 5 reinhaldarane, alle kvinner, som også er tilsett sentralt.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	79	74	70	223
Idrettsfag	56	51	56	163
Elektro	29	28		57
Sal, sørvis og reiseliv	29	13		42
IKT og medieproduksjon	14	11		25
Påbygg			23	23
Språkklasser (Jobbsjansen del B)	12			12
Grunnleggende norsk	13			13
Total				558

Tal på elever med vedtak om særskilt språkopplæring	15
---	----

Ulstein vidaregåande skule har hatt stabile søkjartal over lang tid og stor stabilitet når det gjeld klassetal. Siste åra har vi hatt tilbod både innanfor Jobbsjansen del B og i grunnleggende norsk. Behovet for elevplassar til TPO-klassa, elever med stort tilretteleggingsbehov, har vore aukande og kapasiteten ved skulen er sprengd.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	2,5%	4,8%	9,3%
0 - 25	2,0%	2,9%	3,0%
25 - 30	3,5%	2,9%	5,5%
30 - 35	10,5%	7,2%	11,5%
35 - 40	15,0%	16,9%	17,2%
40 - 45	28,0%	16,9%	21,7%
45 - 50	21,5%	27,1%	18,2%
Over 50	17,0%	21,3%	13,5%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Ulstein vidaregåande skule	44,0	44,5	45,1	42,5	43,6
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Inntakspoenga til skulen har vore høgare enn gjennomsnittet i fylket i lang tid. I samband med covid-åra steig dei unormalt mykje, men har gått ned dei to siste åra. Vi kan likevel konkludere med at vi her eit godt gjennomsnittleg inntak. Inntaket varierer nokon etter søkjartala, stor søknad fører til høgare gjennomsnittleg inntakspoeng.

Dei tre covid-åra utan eksamen forklarar nok det meste rundt høge inntakspoeng i perioden 2020-2022, forsterka av ein praksis rundt fråvær og fråværgrense som gjorde at det faktiske fråværet desse åra var svært høgt, samstundes som skulane «skulle sette karakter der det i det heile var mogleg». Dette kan ha ført til ein form for inflasjon i karaktersettinga. Fagfornyinga og endra vurderingspraksis kan vere ein annan faktor. Tre år utan eksamen hadde truleg ein konsekvens. No er vi meir tilbake til normalen. Nedgangen frå 22/23 til 23/24 var markant, men vi har stige relativt mykje til 24/25.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Det er ingen større endringar i resultat frå Elevundersøkinga H24, samanlikna med H21 – H23, der det er mogleg å samanlikne. Ser vi på hovudgruppene av spørsmål når det gjeld Læringsmiljø og samanliknar 24/25 med 21/22, 22/23 og 23/24 er det endringar, men ikkje dei dramatiske.

Uavhengig av Elevundersøkinga ser skulen at det er viktig å jobbe med læringsmiljøet og har siste åra hatt fokus på fellesaktivitetar både på trinn og for heile skulen. I tillegg har vi jobba konkret inn mot avgangselevane/russen. Her har vi hatt stor hjelp av og godt samarbeid med Ung Arena i Ulstein kommune, skulehelsetenesta og politiet.

Vi er særleg fornøgde med tala som gjeld trivsel, læringskultur, faglege utfordringar og støtte frå lærar. Det siste ser vi også i Undervisningsevalueringa.

		Skulen sitt resultat for Vg1				Skulen sitt resultat for Vg2				Skulen sitt resultat for Vg3			
		H21	H22	H23	H24	H21	H22	H23	H24	H21	H22	H23	H24
Trivsel		4,3	4,4	4,3	4,2	4,2	4,2	4,2	4,3	4,3	4,1	4,1	4,3
Læringskultur		4,2	4,2	4,2	4,1	4,0	4,2	4,1	4,1	4,2	4,0	4,1	4,3
Motivasjon		3,7	3,7	3,7	3,5	3,5	3,4	3,4	3,4	3,6	3,3	3,2	3,4
Meistring		4,1	3,9	3,9	3,8	3,9	3,9	3,9	3,9	4,1	4,0	3,9	4,1
Støtte frå lærar		4,2	4,2	4,2	4,1	4,1	4,0	4,1	4,0	4,2	3,9	4,0	4,2
Fagleg utfordring		4,5	4,4	4,3	4,3	4,4	4,4	4,5	4,3	4,6	4,5	4,5	4,6

Når det gjeld mobbing var dette tala frå 24/25 (samla resultat frå 3 spørsmål):

Vg1	Vg2	Vg3
3,4%	5,8%	0,8%

Vi klarer ikkje å bryte ned tala til klassenivå, men dette resultatet i lag med Spekterundersøking, har gitt oss nokre indikasjonar som vi har jobba vidare med.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Elevundersøkinga viser stabilt god trivsel blant elevane våre, men det betyr ikkje at vi ikkje har saker å jobbe med. Opp mot russen/avgangselevane har vi jobba med inkludering og inkluderande russefeiring/avgangsfeiring, og det at alle avgangselevane, enten dei feirar russ eller ikkje, må kunne inkluderast i samlingar og aktivitetar. Skulen har eit godt samarbeid med politiet, Ung Arena Ulstein og skulehelsetenesta i arbeidet rundt dette. På foreldremøta på Vg1 og Vg2 var russefeiring eit tema.

Det førebyggjande arbeidet startar på Vg1 med VIP Makkerskap for alle klassene, samt nokre klasser på vg2 og Vg3 der det er stor utskifting av elevar. Vestre Viken sitt VIP Snakk om det (psykisk helse) vert gjennomført for Vg1-elevane i februar/mars i samarbeid med PPT og skulehelsetenesta.

Vidare har vi ein temadag for alle elevane i høve rus. Den vert gjennomført på Sjøborg for våre elevar og for ungdomsskulen i Ulstein, i regi av skulehelsetenesta, kommunepsykologen og politiet. Ung Arena er teknisk arrangør.

Ulstein vidaregåande skule har svært god dekning innan skulehelsetenesta, 2 skulehelsesjukepleiarar og ei prosjektstilling i 50% innan psykisk helse. Det gjer at skulen har tilgang til skulehelsetenesta kvar dag gjennom skuleåret. Det er gull verdt. SPEKTER har ikkje blitt brukt i konkrete saker dette skuleåret, men har blitt brukt førebyggjande på Vg1.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	6
Møte mellom elevrådsstyret og leiinga	4
Møter i skoleutval	2
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	0

Val av tillitselev og vara vart gjort i klassene innan utgangen av september. Leiinga og elevrådskontakta hadde møte med elevrådet med vara, der det vart valt leiar og nestleiar og medlemmar i styret. I tillegg hadde elevrådet besøk av elev- og lærlingeombodet i fylkeskommunen.

Gjennom året har elevrådet hatt møte om lag ein gong per månad og elevrådsstyret har hatt møte med leiinga; rektor, ass.rektor og elevrådskontakt, 2-3 gongar per termin. Det har elles vore tett kontakt mellom elevrådsleiar/-nestleiar og elevrådskontakta/leiinga gjennom året. Elevrådet har eigen kanal i skulen sitt fellesteam, det er også laga egne chat-grupper for elevrådet med vara og for elevrådsstyret. Kommunikasjonslinjene er korte og det er enkelt å nå skulen si elevrådskontakt. Saker har blitt lagt ut i kanalen eller som vedlegg til møteinnkallingar.

Dei fleste elevane ved skulen har gjennomført både Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa, med unntak av nokre mindre grupper.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	89,1%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag	93,1%	100%		96,5%
IKT og medieproduksjon	78,6%	81,8%		80,0%
Sal, sørvis og reiseliv	93,1%	92,3%		92,9%
Idrett	98,2%	86,3%	89,3%	91,4%
Studiespesialisering	94,9%	85,1%	81,4%	87,4%
Påbygg			73,9%	73,9%
Total	94,2%	88,1%	83,2%	89,1%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Ulstein vidaregåande skule	93,5%	93,2%	91,7%	91,2%	89,1%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har framleis relativt gode gjennomføringstal, men dei er fallande, noko vi må ta på alvor og sjå samanheng med karaktersnitt og fråvær.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektrofag	4,10
Idrettsfag	4,14
IKT og medieproduksjon	3,84
Påbygg	3,47
Sal, sørvis og reiseliv	4,17
Studiespesialisering	4,23

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Ulstein vidaregåande skule	4,27	4,25	4,17	4,15	4,13
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har stort sett middels til høge inntakspoeng, men ser at karaktersnittet er fallande. Det bekymrar oss.

Skulen la om timeplanen for nokre år sidan, frå 45 min timar til lengre økter og færre fag per dag. Dette skulle gje større ro i læringsarbeidet og vere ei organisering som i større grad var tilpassa det nye læreplanverket, med utforskande opplæring og djupnelæring. No må vi ta ein evaluering på om vi har klart å utnytte potensialet i denne type organisering – eller om det er andre faktorar som spelar inn. Vi ser at både karaktersnittet og gjennomføringa er fallande og fråværet aukande.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	8,0	36,1	8,1%
Vg1	6,5	37,6	7,5%
Vg2	8,3	36,7	8,4%
Vg3	9,7	33,4	8,8%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Ulstein vidaregåande skule	1,8%	2,7%	6,6%	6,6%	8,1%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Å samanlikne fråværet før, under og etter covid-tida har lite hensikt. Under covid-tida kunne elev og føresette levere eigenmelding i staden for å måtte få legeattest, i tillegg skulle alle halde seg heime om dei var det minste sjuke. Dette førte til eit rekordhøgt reelt fråvær, men eit lite udokumentert fråvær. For skuleåret 22-23 vart fråværsgrensa på 10% udokumentert fråvær i fag sett i verk igjen og det har vore ein jobb å få elevane tilbake på sporet. Som skule ser vi at eit regelverk a la fråværsgrensa må vere gjeldande, om ikkje aukar fråværet. Elevane treng eit regelverk å forhalda seg til. Før covid såg vi ei klar forbetring i fråværet etter innføring av 10%-grensa. Siste åra har likevel fråværet vore høgare enn ønskjeleg, det låg høgt både i 22/23 og 23/24 og i 24/25 steig det til over 8%. Det er urovekkjande høgt og vi må jobbe ut mot elevane for å få det ned.

For komande skuleår er det varsla endring i fråværsreglane slik at elevane kan skrive eigenmelding for helserelatert fråvær inntil 10%. Det spørst kva verknad det vil få på totalfråværet.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024–25

Prosent	Tal
1,7%	9

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Ulstein vidaregåande skule	0,9%	1,4%	2,1%	1,5%	1,7%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har låge sluttetal. For Ulstein vgs er det viktig at elevar som ikkje klarer å følgje alle fag i ei skuleår, kan følgje nokre. Det er viktig både for læringa og for det sosiale. Sjukdom eller helseutfordringar gjer sjølvsagt at nokre berre må slutte eller ev. ta ein pause.

4.5 Overgangar

At overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule vert opplevd som trygg og god, er viktig. Elevar med særskilte behov eller behov for tilrettelegging får tilbod om å møte skulen i løpet av 10.klasse, gjerne over så lang tid som 1/2 år eller meir. Vi kallar også inn elev og foreldre til planleggingsmøte, der vi skisserer kva tilbod vi kan gje. Skulen har få vedtak om rett til individuell tilpassa opplæring, men legg vekt på tilrettelegging ut frå eleven sine behov. Det opplever vi vert positivt tatt imot.

Når elevar med særskilte behov nærmar seg ferdig vidaregåande opplæring er det viktig at vi startar planlegginga av det som skal skje i etterkant i god tid. Dette krev gjerne samarbeid med fleire instansar, bl.a. kommunen eleven bur i, eleven si ansvarsgruppe, NAV og/eller bedrifter.

Når det gjeld overgangen frå vidaregåande opplæring til høgskule og universitet, så er det ingen særskilte tiltak, bortsett frå utdannings- og yrkesrådgjeving gjennom mange og ulike kanalar. Overgangen frå Vg2 YF til læreplass kan vere krevjande med

tanke på å finne læreplass. I ein marknad der næringslivet varierer, kan det vere utfordrande å kunne hjelpe alle elevane. Her er nettverk mellom skulen og næringslivet viktig. Ressurs til formidling frå Opplæring i bedrift er delt på to rådgjevarar. Avdelingsleiar for YF har også eit ansvar inn mot dette arbeidet.

Innan service og samferdsel har tal på læreplassar i området auka noko, men mange vel likevel påbygg. Innan IKT går dei fleste ut i lære. Innan elektro har skulen eit godt nettverk med aktuelle lærebedrifter og dei fleste elevane som ønskjer læreplass, får det. For dei yrkesfaglege elevane er praksis i YFF-faget ein viktig arena for å «vise seg fram» for ev. framtidige arbeidsgjevarar. Gjennom Erasmus+ har vi fått til 14 dagar med yrkespraksis i utlandet for ca. 8 elevar per år på sal, service og reiseliv.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Indikatorar for god praksis:

Skulen drøftar pedagogisk praksis, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet. Dette vert gjort i fellesmøta for pedagogisk personale og leiinga. Fellesmøta kan vere organisert som plenumsmøte, eller som arbeid i tverrfaglege eller faglege grupper.

Skulen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Både lærarane og leiinga drøftar korleis skulen sin kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast. Skulen har eit system for arbeid i faggrupper, både for trinnet og på tvers av trinn.

Leiardialogen skal fremme skuleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetansesjefen og den enkelte skule, samt på tvers av skulane. Skulen v/leiinga opplever leiardialogen som positiv. Den gir ei nærheit til skuleeigar for heile leiinga og vi opplever at krav og forventningar til kvarandre vert tydeleggjorde.

For å vurdere tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag legg ein til grunn medarbeidarundersøkingar. Skulen gjennomfører MTM og Undervisningsevaluering. Resultata her vert tatt opp etter dei retningslinjene som gjeld. Medarbeidersamtalar skal gjennomførast med den einskilde kvart år, så sant det praktisk let seg gjere.

Skulen sin plan for kompetanseheving

Skuleåret 2024–2025:

Fem tilsette tok vidareutdanning innan ordninga Kompetanse for kvalitet, stipendordninga. To for å ta master i norsk, to innan spes.ped.feltet og ein innan språk (spansk). Ein tilsette fullførte YFL innan elektro.

Alle skulen sine pedagogisk tilsette har pedagogisk utdanning.

Skulen har hatt felles kompetanseheving innan KOSIP, der temaet har vore korleis vi kan styrke elevane til å meistre liva sine.

Grunna økonomi vart det skore kraftig ned på kurs og anna etter-/vidareutdanning også dette skuleåret.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no